

ULVIK HERAD

SAKSPAPIR

SAKSGANG

Utval	Møtedato	Utvalssak
Heradsstyret	25.04.2018	023/18

Sakshandsamar Thore Hopperstad	Arkiv: K2 - L05	Arkivsaknr 18/71 - 2
-----------------------------------	--------------------	-------------------------

Nedsetting av komitè for vidareutvikling av området i Holmen - Endra saksframlegg

Saksutgreiing:

Holmen er eit viktig område i heradet, både som fritids- og rekreasjonsområde, bustadområde, næringsområde, m.v. I samband med at Ulvik herad no overtek eigedomar på Holmen frå fylkeskommunen, vil det vere teneleg å setje ned ein komitè til å jobbe med ei heilheitleg utvikling av dette området. Ein slik komitè bør vere politisk, men kan med fordel styrkast ved behov av representantar frå administrasjonen, næringslivet og lag og foreningar slik at ein får eit breiast mogeleg grunnlag for utviklingsarbeidet. Vi reknar med at den formelle overtakinga av eigedomane frå fylkeskommunen vil skje i sommar.

Både bustadhus og deler av næringslokala som heradet overtek er pt utleigde. Desse leigetilhøva vil ikkje verta sagt opp, før ein har teke stilling til kva som skal skje vidare med dei aktuelle bygga og ein evt vedtek anna bruksområde enn dagens bruk. Lokale næringsaktørar har teke kontakt med heradet og bedt om å få leiga areal på Holmen. Også lokale lag og foreningar har bede om møte med heradet for å drøfte framtidig bruk av området på Holmen. Vi opnar for dialog med desse, men det vert ikkje teke stilling til konkrete avtalar med nye eller eksisterande aktørar no, før dette er utgreidd nærare av komitèen.

Vurdering:

For å sikre ei føremålsteneleg bruk og utvikling av Holmen-området, set Heradsstyret ned ein komitè til å utgreie kva utvikling ein ynskjer for Holmen-området samla og eigedomane som heradet tek over frå fylkeskommunen særskilt.

Rådmannen sitt framlegg:

Ulvik heradstyre vedtek formannskapet som «Komitè for vidareutvikling av området i Holmen». Komitèen knyter til seg andre aktørar når det er føremålsteneleg. Komitèen rapporterer attende til Heradstyret jamleg.

25.04.2018 Heradsstyret

Framlegg frå Valnemda:

Ulvik heradstyre vedtek Hans Petter Thorbjørnsen, Jens Olav Holven, Stig Yngve Røkenes, Guro Ljone og Willemina van Manen som «Komitè for vidareutvikling av området i Holmen». Komitèen knyter til seg andre aktørar når det er føremålsteneleg. Komitèen rapporterer attende til Heradstyret jamleg.
Røysting:

Framlegg frå Valnemda vart samrøystes vedteke.

HST- 023/18 Vedtak:

Samrøystes vedtak:

Ulvik heradstyre vedtek Hans Petter Thorbjørnsen, Jens Olav Holven, Stig Yngve Røkenes, Guro Ljone og Willemina van Manen som «Komitè for vidareutvikling av området i Holmen». Komitèen knyter til seg andre aktørar når det er føremålsteneleg. Komitèen rapporterer attende til Heradstyret jamleg.